



Attval på styret i ungdomslaget. Frå venstre: Rigmor Rasmussen (leiar), Hildegunn Klette Hansen, Janne Yri, Anette Sund. Bak: Anne Karin Myhre frå Bingogruppa.

På årsmøte i Uskedal ungdomslag i kveld vart det attval på styret. Rigmor Rasmussen har vore leiar i 20 år og mange ha vore aktive styremedlemmer i mange år. Vi kan med visse sei at ungdomslaget har eit slitesterkt styre. Kasserar og rekneskapsførar Lovise Herland Sunde legg fram eit rekneskap som syner at ungdomslaget har kr. 161.000,- på konto. Bingonemnda kan syna til ei nettodrift på kr. kr. 121.506,-, som er den største inntektskjelda for tida.

Årsmeldinga frå styret syner at laget har hatt ei jevn og god drift i arbeidsåret.

Av mange gode tiltak tek vi med:

- Møblar på terassen ute
- Nytt golv i matsalen
- Nytt tak over gangen og lagerrommet
- Heile huset er nedvaska
- Vellukka haustfest i oktober
- Strikkekafe (3 gonger)
- Barsediskotek
- Helgheim utleigd 22 gonger. I tillegg kjem to brudlaup og to konfirmasjonar
- Romjulsfest med inntekt til Helgheim og Fjelly

Røysterett for Alle og LInedansgruppa brukar huset fast til sine øvingar. Det same gjer Bingogruppa.

Hyttestyret for Fjellty la fram eiga årsmelding, noko Uskedalen.no vil koma attende til.

Styret og tillitsvalde:

Leiar: Rigmor Rasmussen

Styrmedlemer: Hildegunn Klette Hansen, Janne Yri og Anette Sund

Rekneskapsfører: Lovise Herland Sunde

Utleige Helgheim: Hildegunn Klette Haseen

Vaktmeister: Trond Olsen

Utsettingar til Frluftslaget: Rigmor Rasmussen og Audun Eik

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal